



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Vår dato
26.06.2015
Dykkar dato
26.04.2015

Vår referanse
2015/6000 423.1
Dykkar referanse
15/9533

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 108 bnr 564 - oppføring av tomannsbolig - avvising av klage

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending av klagesaka, motteken her den 26.04.2015.

Vedtak

Fylkesmannen i Hordaland stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 11.09.2014 om avvising av klage.

Bakgrunnen for saka

Saka gjeld klage på avvising av klage på vedtak om avslag på tiltak, samt avvising av klage på gebyrvedtak.

Lindås kommune ga i vedtak datert 07.07.2014 avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tomannsbustad på gnr. 108 bnr. 564. Det vart samtidig vedtatt eit gebyr på kr 29.700.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar ved brev datert 21.08.2014.

Klagen vart avvist av Lindås kommune i vedtak datert 11.09.2014 med grunngjeving om at klagen var for seint innkommen.

Vedtaket om avvising vart klaga på av tiltakshavar ved brev datert 21.09.2014. Saka vart då vidare sendt av Lindås kommune til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Då det ikkje låg føre ei vurdering av klagen av kommunen vart det sendt brev frå Fylkesmannen til Lindås kommune den 16.06.2015 med førespurnad om nærare utgreiing. Fylkesmannen mottok brev frå Lindås kommune den 19.06.2015 med nærare vurdering av klagen frå tiltakshavar. Klagen vart ikkje tatt til følgje.

Om saka si bakgrunn elles viser vi til dokumenta i saka, som vi føresetjar at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33 siste ledd.

Fylkesmannen si vurdering av saka

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si sakshandsaming, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, også om det ligg føre nye omstende, jf. fvl. § 34 andre ledd.

Klagefrist

Det går fram av fvl. § 33 andre ledd at «(d)ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken».

Eit vilkår for å kunne handsame klagen er at denne er sett fram innan fristen. Av fvl. § 29 kjem det fram at «fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part».

Vedtaket frå kommunen er datert 07.07.2014. Vedtaket vart sendt til partane per e-post same dag. Med ein klagefrist på tre veker, gjekk då fristen for å klage ut 28.07.2014. Klagen er datert 21.08.14 og motteke av kommunen 27.08.14, det er difor på det reine at klagefristen er overskriden.

Gebyrvedtaket vart gjort samtidig som vedtaket om avslag på søknad om oppføring av tomannsbustad. Då klagen på gebyr er fremma samtidig som klagen på avslag på søknad om oppføring av tomannsbustad, er klagefristen også overskriden for gebyrvedtaket.

Sjølv om klagefristen er overskriden kan klagen likevel handsamast etter fvl. § 31 første led dersom:

«a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.»

Klagar har vist til at avslaget berre blei sendt til ansvarleg søkjar, og at det ikkje var mogleg å svare innan fristen fordi det vart sendt midt i sommarferien. Til dette har kommunen vist til at vedtaket var adressert til den e-postadressa som var oppgjeve i søknaden, og at det var oppgitt same e-postadresse til søkjar og tiltakshavar. Det er Fylkesmannen sitt syn at kommunen si plikt til å underrette om vedtaket er oppfylt når vedtaket er sendt til den e-postadressa som var oppgjeve i søknaden. Under alle omstende kunne ansvarleg søkjar ha sendt inn ein fristavbrytande klage, eventuelt ha bedd om utsett frist på vegne av tiltakshavar. Det vert lagt vekt på at ei overskriding på nesten ein månad, nærare sju veker etter at vedtaket vart treft, må reknast som betydeleg. Dette må gjelde sjølv om det var sommarferie.

Fylkesmannen konkluderer etter dette med at vilkåra for å gje oppreisning for overskride klagefrist i medhald av fvl. § 31 første ledd bokstav a ikkje er til stades. Spørsmålet er om det ligg føre «særlige grunner» som gjer det rimeleg at klagen vert prøvd.

Ordlyden tilseier at det ligg føre ein viss terskel. I forarbeida (ot.prp.nr.3 (1976-1977) vert det særleg nemnt saker kor det er klaga over rettsbruken. Det kjem fram at «en slik klage kan det være lite rimelig å avvise, fordi rettsprosjektet ikke derved bringes ut av verden».

Saka gjeld søknad om oppføring av tomannsbustad og dispensasjon frå reguleringsplanen for å kunne gjera dette. Spørsmålet om å nekte dispensasjon er underlagt fritt forvaltningskjønn og er såleis ikkje eit tvilsamt rettsspørsmål med behov for ei ytterlegare vurdering. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre «særlege grunner» i høve til utrekninga av gebyret, som gjer det rimeleg at klagen vert prøvd.

Klagar har vist til at kommunen ikkje har vurdert om «*endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre*». Fylkesmannen er samd med klager i at dette er eit relevant moment i vurderinga. Av forarbeida (Ot.prp.nr.3 (1976-77) s. 91) går det fram at forvaltninga, i dei tilfella der ein forvaltningssak ikkje vil få konsekvensar for andre privatpersonar enn klagaren, bør ha «*betydelig skjønnsmessig myndighet til å ta klagen under behandling*». Det går likevel fram at:

«Ved vurdering av bestemmelsen er det grunn til å ha for øye at i de fleste forvaltningssaker er det bare en part og at en endring av vedtaket i den retning parten ønsker det vil ikke få konsekvenser for noen annen privatperson. Bestemmelsen om klagefrist virker for så vidt som et vern for forvaltningen selv.

Et slikt vern er utvilsomt nødvendig. For arbeidsavviklingen er det viktig at det kan settes en sluttstrek for behandlingen av en sak, og at klagesaker tas opp snarest mulig etter at underinstansens vedtak foreligger.»

Sett i samanheng med fristoverskridinga på nesten ein måned, er Fylkesmannen av den oppfatning av at ovannemnde moment taler for å ikkje gje oppreisning i gjeldanden sak. Dette er også i samsvar med Departementet sitt syn som i sak 13/2261 kom til at ei fristoverskriding på 3 veker var antatt å vere så betydeleg at det ikkje kunne leggjast avgjerande vekt på om ei endring av vedtaket ikkje ville «*medføre skade eller ulempe for andre*».

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å kunne gi oppreisning etter fvl. § 31.

Andre tilhøve

Klagar har stilt spørsmål om søknaden er avist eller avslått. Ei avvising inneber at søknaden ikkje vert vurdert, medan eit avslag er aktuelt der søknaden er handsama men ikkje innvilga. I gjeldande tilfelle er søknaden om dispensasjon og oppføring av tomannsbustad avslått, medan klagen på dette er avvist som følge av at klagefristen er overskriden.

Klagar har uttalt at han stiller seg uforståande til at same sakshandsamar som har handsama søknaden også har handsama klagen. Vi kan ikkje så at det ligg føre grunnar som gjer at gjeldande sakshandsamar er inhabil etter fvl. § 6. Dersom dette skulle vere tilfellet er vi likevel av den oppfatning at tiltakshavar er sikra ein ny og objektiv vurdering ved at klagesaka er sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Om det er riktig at tiltakshavar tidlegare har fått informasjon frå kommunen om at det ikkje burde vere noko problem å få godkjent tiltaket, er dette uheldig. Tiltakshavar kan likevel ikkje innrette seg før søknaden er handsama og det er gjeve løyve.

Fylkesmannen registrerar at tiltakshavar hevdar at det har vore vanskeleg å få snakke med sakshandsamar for å få ein forklaring. Vi ynskjer i denne samanheng å minne om at kommunen har ei alminneleg rettleingsplikt etter fvl. § 11, samt retten til samtale med sakshandsamar i kommunen etter fvl. § 11d første ledd.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunn til å setje til side kommunen si avgjerd om å avvise klagen. Klagen vert etter dette ikkje tatt til følge.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på vidare, jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Kristoffer Valle Mellingen	Hopsdalsvegen 31A	5915	HJELMÅS
Valle Bygg	Hopsdalsvegen 31A	5915	HJELMÅS